

Dei var 5 konkurrentar, no er dei 3, men Uskedalens representant heng framleis med i kakekrigen på kanal fem!

Det er ikkje mindre enn imponerende, for ikveld fekk Karoline, Kelly, Cathine og Kjersti ei vrien oppgåve: Bak ei kake med kaffesmak! Det galdt ikkje minst å finna den rette kaffedoseringa.

Kjersti vann medan tysdagsvinnar Kelly måtte takka for seg etter å ha brent kaka.Og imorgon er det klart for vekefinale!

- Jau, det vert litt skummelt, innrømte Karoline då ho vart bedt om ein kommentar til oppgåva og minna på at ho hadde baka spesialiteten cupkake 2 dagar på rad. Men ho gjekk freidig laus på ei sjokoladecake og fekk positiv jurykarakter sjølv om det ikkje vart siger.

Som dei andre var ho redd for at det ikkje skulle smake nok kaffe, men frykten var etter alt å dømma ugrunna.

Som andre formar for sport er det ikkje langt frå suksess til fiasko i kakebaking heller. Vi tenkjer ikkje minst på Kelly som falt igjennom med sin spesialitet brownies fordi det vart i heitaste laget....

Det gjeld å ha marginene på si side også i kakekrigen. Og sikkert også nervene.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen